



Til medlemmer i Hareid Idrettslag Fotball

29.09.2022

## Sakliste og saksdokument til årleg møte i Hareid Idrettslag Fotball

Styret viser til innkalling til årleg møte i fotball og haustfest lagt ut på nettsida til Hareid IL Fotball, samt Facebook og mail. Det blir matøkt i forkant av valet. Saker må innmeldast seinast 01.november.

**Årleg møte/Haustfest vert halde 16. november 2022 kl. 19 i Festsalen på klubbhuset, Myraveien 12.**

### Sakliste for årleg møte/haustfest:

- Sak 1: Godkjenne dei med stemmerett
- Sak 2: Godkjenne innkallinga
- Sak 3: Godkjenne saklista
- Sak 4: Val av dirigent
- Sak 5: Val av referent
- Sak 6: Val av to medlemmer til å underskrive protokollen
- Sak 7: Fotballgruppa si årsmelding og rekneskap for 2022
- Sak 8: Gruppene sine årsmeldingar og rekneskap for 2022
- Sak 9: Fastsette treningsavgifter for sesongen 2023
- Sak 10: Fastsette budsjett 2023 for Fotball
- Sak 11: Endring av styret med spelarutviklar/trenarveileidar og andre justeringar
- Sak 12: Spelarutviklar – Innlegg frå Sport
- Sak 13: Økonomi Fotball – Sponsorar
- Sak 14: Val av
  - 14.1 Styreleiar – 1 år
  - 14.2 Arrangementansvarleg – 2 år
  - 14.3 Økonomi 1 og 2 (2 personar) – 1 person 2 år, 1 person 1 år
  - 14.4 Anlegg-/Materialansvarleg – 2 år
  - 14.5 Kvalitetsklubbansvarleg – 2 år
  - 14.6 Sport - 2 år
  - 14.7 Vara – 2 år
  - 14.8 Valnemd

Vedlagt følgjande dokument: (kjem i forkant av årsmøtet)

- Fotball og gruppene sine årsmeldingar
- Fotball sitt rekneskap
- Saksdokument sak 9; treningsavgifter 2023
- Saksdokument sak 10; Budsjett for Fotball 2023
- Saksdokument forslag om endring av styret sak 11
- Sak 14.1 – 14.6; Valnemnda sitt forslag
- Sak 14.7; Styret sitt forslag til nye medlemmer til valnemnd

Med helsing  
Styret i Hareid IL Fotball

## Årsmelding Hareid IL Fotball 2022



*Glade a-spelarar etter ein siger på Hareid stadion i vår.*

### 1. Innleiing

Fotballgruppa har hatt eit svært aktivt og godt år, med svært mykje styreaktivitet og mange gjennomførte prosjekt. Det har vore eit svært stort engasjement blant medlemmane i styret, noko som dannar eit godt grunnlag for å få til mykje også komande sesong. Vi har lagt bak oss pandemien og hatt ein full sesong for første gong sidan 2019. Det vart oppretta ei prosjektstilling som trenar- og spelarutviklar i 30% stilling. Dette vidarefører vi neste sesong og aukar stillinga til 80%, og vi har søkt i marknaden og fått god respons på stillinga for 2023. Det har vorte gjennomført 10 styremøter. I tillegg har fleire i styret jobba med å verte godkjent som kvalitetsklubb igjen. Prosessen er godt i gang og vi håper at vi i 2023 kan kalle oss kvalitetsklubb. På anleggssida er store prosjekt som Speakerbod og nytt LED-lys anlegg på plass. Fotballgruppa tel ved utgangen av 2022 347 medlemmer, av desse er 300 aktive medlemmer.

### 2. Styresamansetjing

Kenneth Nicolaisen, styreleiar/økonomi  
Anders Eidsvik, nestleiar/sport  
Einar Orten Trovåg, sport ungdom  
Emil Johannes Dahlen Folkestad, sport senior

Kim-Tore Husøy, sport born  
Cecilie Skeide, sport damer/jenter (gjekk ut i september)  
Sindre Breivik, anlegg, utstyr/materiell

Silja Øvrelid, sport keeper  
Terje Giskeødegård Balsnes, økonomi (gjekk ut i april)  
Solveig Husby, arrangement (gjekk ut i september)  
Evelyn Røren, Fair Play - vara  
Håvard Knudsen Bjåstad, vara

Dagleg leiar Ola Kalvø Vattøy har møtt på nokre av møta.



*Helene Sjøstad Kleppe vart årets spelar på damelaget, her gratulert av ordførar Bernt Brandal.*

### **3. Om styrearbeidet**

Det har vore god driv i styret og arbeidet i all hovudsak har dreia seg om korleis vi skulle drifte gruppa på ein god måte sportsleg, samt få kontroll på innkreving av medlemsavgift og drive fram økonomiprojekt. Dagleg leiar har teke mykje av dei daglege oppgåvene, som til dømes FIKS og treningstider, noko som har letta ein god del av det praktiske arbeidet i fotballgruppa.

Totalt i år har vi hatt 10 styremøte og handsama totalt 121 saker, i tillegg har det vore mykje aktivitet i form av sær møter, telefonar, mail korrespondanse og Teams-møter, samt god aktivitet på Messenger gruppa til styret.

Det er planar om å gjennomføre eit fotballeiarkurs 1 for alle i styre og stell komande sesong, då dette er eit krav i det å vere kvalitetsklubb. Dette vil kome klubben til gode i åra som kjem.

I år har sport vore ein del av det totale styret, noko som har gjort det enklare for heile fotballstyret å ha innsikt i kva sport jobbar med. Sjekk elles Sport si eiga årsmelding.

Det har i år vorte gjennomført styremøte den første måndagen i kvar månad, noko som har fungert godt og er forutsigbart. For komande sesong planlegg ein å lage til eit «Årshjul» der all aktivitet som styret er involvert i vert lagt inn.

Dessverre trekte tre styremedlemmar seg i løpet av året. Heldigvis vart det valt inn så mange i styret sist årsmøte at vi kom oss i mål på ein tilfredsstillande måte med styreåret likevel. Til neste sesong må vi få på plass eigne arrangementsgrupper slik ikkje så mykje ansvar fell på den som er valt inn på

arrangement. Vi må også ha egne retningslinjer for kva SPORT gjer og kva spelar- og trenarutviklaren gjer. Dette bør det jobbast med når tilsetjing er gjort.

Hovudintrykket er likevel at det har vore det mest aktive styreåret på mange år. Det har blitt jobba godt over heile linja, og det interne styremiljøet har vore veldig godt. Likevel høyrer det med å rette ei ekstra takk til leiarduoen Kenneth Nicolaisen og Anders Eidsvik, som har leia gruppa på ein både energisk og ryddig måte.



*Jenter 13-15 år i vår.*

#### **4. Den sportslege aktiviteten**

2022 vart den første heile sesongen sidan 2019, der vi fekk full aktivitet på alle lag. Sport har jobba godt denne sesongen og har fått på plass trenarkabalane på alle lag, samt at det har vore ein del utskiftingar også undervegs på fleire lag. A-laget herrar enda på ein respektabel 8 plass i 4 div. noko som er den baste plasseringa på fem år. Damelaget har og hatt ein grei sesong trass ei lita spelargruppe. Sjå elles eiga årsmelding frå SPORT, samt årsmeldingane frå laga.

Det vart arrangert fotballskule med lokale instruktørar frå seniorlaga og juniorlaget i august, over 4 dagar, med nesten 100 deltakarar i alderen 6 - 12 år, noko som er det største antalet vi har hatt .

#### **5. Økonomi, økonomitiltak og dugnad**

Det første økonomitiltaka som var sett i gang var nye Hareid-huer + flasker, den såkalla Hareid-pakken. Dette var eit prosjekt leia av Emil Johannes Dahlen Folkestad, med støtte frå Ola Kalvø Vattøy og Einar Orten Trovåg. Reflekshuer er noko mange foreldre/føresette har etterlyst, så vi tenkte at det ville slå an. Emil JDF gjorde ein god jobb med å få sponsorstøtte frå Egset Ventilasjon AS og Rotevatn Trafikkskule, to sponsorar Hareid IL ikkje hadde frå før. Dessverre kom huene akkurat same veka som heile Hareid IL hadde ein stor dugnad med sal av klutar. Vi måtte derfor utsette salet noko, og plutsleg var vinteren over og behovet for huer mindre... Men denne dugnaden blir tatt opp igjen denne vinteren. Vi har framleis stor tru på dette prosjektet.

Den andre økonomiprojektet var Måltips. Dette er ein gammal Hareid IL-tradisjon vi tok fram igjen. Kenneth Nicolaisen ordna premiar (takk til det lokale næringslivet!), medan Einar Orten Trovåg og Ola Kalvø Vattøy ordna det administrative. Overskotet ser ut til å ende på 16.000 kroner. For så vidt

gode pengar, men vi meiner potensialet er mykje større. Vi må få spelarane til å engasjere seg meir om vi skal ha Måltips også neste år. Nokre gjorde for så vidt ein veldig bra innsats, men fleire burde ha engasjert seg.

Elles har spelarane delteke på Hareid IL sin felles-dugnad med sal av klutar, noko som gav fotballgruppa verdifulle inntekter. Vi ser likevel at ein så stor dugnad truleg må delast opp om han skal gjerast igjen. Det er nok stort behov for klutar i bygda, men det går kanskje ei grense ein plass? Uansett ei stor takk til Kenneth Nicolaisen som gjorde ein solid innsats med å halde styr på kor mykje fotballgruppa skulle ha av inntektene. Det vart mykje krøll med spelarar som var involvert i fleire idrettar.

Behov for dugnadar på anlegga har det vore mindre behov for i år enn «før i tida», sannsynlegvis grunna den solide jobben seniorgruppa gjer på tysdagar.

Når det gjeld økonomien elles har det gått greitt i år. Dette mykje grunna den solide jobben Kenneth har gjort med å sikre oss at alle – eller i alle fall dei aller, aller fleste – treningsavgiftene har kome inn. Vi har også fått bra med pengar på Fredrik Aursnes sin overgang til Benfica, noko som gjer at vi kan nærme oss å betale ned fotballhallen om få år. Vi har også fått bra med støtte frå Sparebanken Møre som gjer at vi kan ha spelar- og trenarutviklar i større prosent neste år.

Når det gjeld sponsorsituasjonen elles, er det ikkje ei berekraftig løysning for fotballgruppa å ikkje få tildelt sponsormidlar, noko som har konsekvensar for vidare utvikling og oppgradering.

Av overføringar av sponsorinntekter fra hovedlaget har det i 2022 ikkje vorte overført noko til gruppene i det heile. Grunnlaget for dette er at gruppene har god økonomi samt 100 års jubileet. Fotballgruppa stiller seg kritisk til at eit godt arbeid over tid med forbruk og økonomiske prioriteringar skal resultere i at det blir brukt som grunnlag for å ikkje få overført sponsorinntekter, og dette er ikkje noe vi kan videreutvikle klubb av i framtida.

Grunnlaget for ei lav overføring i 2021 var også jubileumsåret og økonomi.

Vi i fotballen er merksame på at vi må jobbe meir mot sponsorar inn mot Hadarhallen, og også bidra med andre økonomiske prosjekt. Det er ikkje like stor marknad for sponsorpenger slik det ein gong var, og vi må tenke kreativt.

## **6. Nettside og SoMe**

Anders H. Pilskog trekte seg som nettside-ansvarleg etter sist sesong etter å ha hatt dette ansvaret i tre år. I hans stad har Einar Orten Trovåg på dugnad danna ein slags uoffisiell SoMe-redaksjon saman med Ola Kalvø Vattøy. Det har blitt lagt ut nokre overordna artiklar på hareidil.no no og då, men det aller meste vert lagt ut på Facebook. I tillegg til klubbnyheiter, Norway Cup-oppdateringar og anna tjafs (som korleis det går med Fredrik Aursnes og andre tidlegare Hareid-spelarar) har dei to a-laga våre sjølve stått for oppdateringane rundt sine lag (pluss litt om Hareid 2 også). Her har totalt femseks personar hatt tilgang til å redigere Hareid IL sin profil. Dette ser ut til å ha fungert veldig godt, med både førehandsomtalar, liveoppdateringar og referat frå dei fleste kampene.

Vi har prøvd å få dei yngre laga til å sende inn bilete frå kampar og turneringar som dei er på, men vi må vel erkjenne at interessa for det er ganske lita. Kanskje fordi foreldre/føresette prioriterer å oppdatere sine eigne SoMe-profilar, kanskje også fordi Facebook ikkje når ut til så mange unge spelarar.

Totalt sett har det vore bra trykk på nett/SoMe i år, sjølv om det beste sikkert hadde vore å ansvarleg gjort ein eller fleire personar meir offisielt, slik som då Anders H. Pilskog styrte.

A-lag for menn har også sin eigen Instagram-profil, men som vi har blitt nøyde til å presisere eit par gongar denne sesongen er den i aller høgaste grad uoffisiell. Vi har bedt laget merke dette betre for unngå misforståingar.

Det kan elles nemnast at det vart tatt lagbilette av alle laga våre til 100-årsboka til Hareid IL som kom i år. Einar Orten Trovåg har vore fotballgruppa sin representant i redaksjonsnemnda, som har jobba med boka eit par år. Redaktør har vore Leiv Arne Grimstad.

## **7. Grendacupen**

Endeleg ser det ut til å kunne bli arrangert Grendacup igjen til romjula, etter tre års pause. Per 14. november har Sindre Breivik, Liv Karin Mork, Ola Kalvø Vattøy, Ovar Hatløy og Torstein Holstad Sivertsen engasjert seg i arbeidet, og ein reknar med fleire vil henge seg på etter kvart. Turneringa vert i år flytta til 29-30. desember grunna jubileumsfest HIL 100år og opning av turnhallen 28. desember. Det er også opna opp for ei eiga Old Boys (35+) klasse for å sjå om det er interesse.

## **8. Oppdatering anlegg**

Det har vore god aktivitet på anlegg denne sesongen. Det har vorte gjort 2 store investeringar i fotball, speakerbod med lydanlegg og lystavle, til ein kostnad på ca. kr.200.000,- eks. mva. Her vart det også gjort grunnarbeid, støyp av ringmur, samt at vi bygde ein terrasse med rekkverk på taket, noko som kan nyttast til filming og om speaker vil ha betre oversikt.

I tillegg har ein skifta ut det gamle flomlysanlegget, metallhalogen til nytt LED-flomlys med Perfect Play styring, som gjer at vi slår av og på lyset via ein applikasjon på mobilen. Denne investeringa kosta fotball kr.200.000,- men Hareid Kommune sto for den totale investeringa på totalt kr.435.000,- eks. mva.

I tillegg har vi skifta mål netta på alle måla på Hareidsmyrane stadion, samt investert i 8 solide småmål – five a side til i overkant av kr.40.000,- eks mva.

Forslag til investeringar fotball i 2023:

- Stell/rydding rundt Kunstgrasbana – Maskinarbeid og asfaltering. Anslår kostnad til Kr. 50.000,-
- Reparasjon eller nye lagleiarbenkar – Kr.40.000,-
- Forslag har kome om tak over tribuna, eller ny tribune på motsett side med tak – Kr.150.000,-
- Lydanlegg i Hadarhallen Kr.35.000,-
- Inventar i kioskane Kr.10.000,-
- Framlegging av permanent straum til Speakerboda Kr. 10.000,-
- Diverse mindre innkjøp til anlegg, terrassebeis, maling++ Kr.5.000,-

Det vert også jobba opp mot Hareid Kommune med å få skifta kunstgraset i 2023, men det er i hovudsak kommuna som tek heile kostnaden. Men ei svært viktig oppgåve å få på plass i løpet av neste sesong. Omlegging av bana vert planlagt utført i Juni/Juli 2023, dersom kommuna løyver midlar. Hovudlaget har også hatt ein ide om å ta vekk 1,0 meter med gras på kvar langsida på Hareid Stadion og få asfaltert eller lagt kunstgras på dette slik at det ikkje gror gras ut på friidrettsdekket. Samtidig kan ein førebu legging av grensetråd dersom ein vil førebu grasbana for robotklipparar. Desse 2 klipparane må også ha eit hus ved bana som dei står i når dei ladar.

## **9. Norway Cup**

Hareid stilte i sommar med 3 lag på Norway Cup, G13, G14 i sjuar klassa, medan J15 stilte i 11'ar klassa. Gutelaga gjekk til A-sluttspel og rauk ut tidleg i dette. Jentelaget gjekk til B-sluttspel og gjekk til 1/8 delsfinala, der dei tapte for Vålerenga. Det er svært gledeleg at ein har kome i gang igjen med Norway Cup, dette er den store turneringa som laga gler seg til å vere med på kvart år.

## **10. Fair Play, verdi og kvalitetsklubb**

Hareid IL Fotball er no nesten i mål med å verte godkjent som kvalitetsklubb. Det er gjort mykje godt arbeid av Kenneth, Ola og Sindre for å få på plass alle dokument, samt å rette opp nettsida vår i forhold til kvalitetsklubbkonseptet. Det som ikkje er på plass heilt endå, er at styremedlemene må få tatt Fotball leder 1 kurs, nokre få har dette, men fleire må kursast. I tillegg må vi intensivere å få fleire av trenarane våre til å ta grasrottenarkurs, det er krav om minimum grasrottenar delkurs 1 for årsklassene 6-12 år. Frå 13-19 år er det krav om minimum delkurs 1 og 3. Nokre har tatt grasrottenar modular og andre relevante kurs både aktivt og digitalt i sesongen som har gått, men fleire er nøydd til å kurse seg tidleg i komande sesong. Det er ingen tvil i at kursing av våre trenarar

er viktig i forhold til å følgje klubben sin sportsplan, samt å lære seg korleis ein kan sette opp gode treningsøker.

### **11. Trenar- og lagleiar møte**

Dette vart i år arrangert 20. januar. Dei fleste laga møtte, sjølv om det framleis var nokre koronarestriksjonar. Her kom styret med diverse info om sesongen. Det vart ikkje arrangert eit liknande møte for haustsesongen, men dette er ønskeleg å få til.



*Ordførar Bernt Brandal takka Hans Gisle Holstad, som gir seg som trenar etter å ha vore det til og frå i rundt 50 år.*

### **12. Årsfest**

Det var årsfest for seniorlaga, styret og andre medhjelparar på klubbhuset laurdag 5. november. Omtrent 55 personar deltok. Det kosta ein liten sum å delta. Det vart servert pizza og brus. Ordførar Bernt Brandal stakk innom for å kaste glans over arrangementet. Ronald Øvrelid spelte ein liten konsert litt utpå kvelden. Elles vanleg program med talar, prisar, quizar m.m. Det blir rapportert om god stemning og eit vellukka arrangement. Det er ikkje gjort noko liknande for leiarane i yngres i år, men vi kombinerer i staden det årlege møtet med ein slags haustfest.

### **13. Trenar- og spelarutviklar 2023**

Søknadsfristen gjekk ut 1. november. Det har per 11. november blitt gjort nokre intervju. Anders Eidsvik leiar dette arbeidet. Med seg i styringsgruppa har han Emil Johannes Dahlen Folkestad og Kim-Tore Husøy.

### **14. Proffhelger**

Anders Eidsvik har lagt ned ein solid jobb med å planlegge og finansiere «proffhelger» i Hadarhallen, eit prosjekt som er meininga skal gå nokre helger kvart år med solid oppfølging frå spelar- og trenarutviklaren. Av ymse grunnar vart det ikkje noko av den første helga som skulle ha gått no i haust, men dette er ein tråd som blir tatt opp igjen når tilsetjing av trenar- og spelarutviklar er gjort.

## 15. Anna

Hareid IL Fotball er svært godt nøgde med at Fredrik Aursnes har fått ein så god karriere som han har fått. Fotballgruppa ønskjer å heidre Aursnes med å henge opp to bilete av han i fotballhallen, eit frå tida i Hareid, og eit der han er no - Benfica. Det hadde vel neppe blitt nokon fotballhall utan dei økonomiske bidraga vi har fått frå diverse Aursnes-overgangar. Anders Eidsvik har gjort ein god jobb med å få på plass desse skilta.

## 16. Administrativ adelskalender

30 år: Harald Møller

25 år: Svein Dag Slettebakk

15 år: Leiv Arne Grimstad, Stein Arve Rise

10 år: Lars Petter Bjørlykke, Christoffer Bakkely

5 år: Bjørn Vegard Bjåstad, Emil Johannes Dahlen Folkestad, Benjamin Reite

## 17. Spelarar på talenttiltak

Bylagssamlingar (Team Søre 12 åringar): David Hovden, Håvard Lexerød Hovlid og Simon Jøsokbakke Bigset.

Team Søre Satellitt (12 åringar): Anusan Esan, David Hovden, Maximilian Hansen Bjørlykke, Simon Jøsokbakke Bigset, Thomas Bakkely.

I tillegg har fotballgruppa hatt spelarar som har hospitert med Hødd G13-14.

## 18. Oppsummering

Styret ønskjer å takke spelarar, trenararar, lagleiarar, dommarar, seniorgruppe og andre medhjelparar så mykje for innsatsen i 2022.

Kenneth Nicolaisen, Anders Eidsvik, Silja Øvrelid, Sindre Breivik, Kim-Tore Husøy, Einar Orten Trovåg, Emil Johannes Dahlen Folkestad



*Herrelaget etter siger 2-1 borte mot Herd i haust.*

Hareid 15.11.2022

Styret

## Trenar-/ Lagleiarliste 2022

Hareid 11.11.2022

Fødselsår	Lag	Trenar/Lagleiar	(T/L)	Tlf.	Mail
2016	MG6	Emil Folkestad	HT	95098478	<a href="mailto:emilfolk@hotmail.com">emilfolk@hotmail.com</a>
		Georg Eikrem Olsen	HT	91793227	<a href="mailto:georg.olsen@live.no">georg.olsen@live.no</a>
		Terje Juul-Grimstad	HJT	46864965	<a href="mailto:terjeb@gmail.com">terjeb@gmail.com</a>
		Marcus Brandal	HJT	92062566	<a href="mailto:marcus_brandal@hotmail.com">marcus_brandal@hotmail.com</a>
		Nurat Aydin	HJT	46787521	
2015	MG7	Renate Bøe	L	99360923	<a href="mailto:renate_boe@hotmail.com">renate_boe@hotmail.com</a>
		Kim-Tore Leirbekk Husøy	HT	91688354	<a href="mailto:kim-tore@hotmail.com">kim-tore@hotmail.com</a>
		Christer Haddal	HT	99576758	<a href="mailto:christer_haddal@hotmail.com">christer_haddal@hotmail.com</a>
		Joachim Moldskred	HJT	90017823	<a href="mailto:joachim.moldskred@gmail.com">joachim.moldskred@gmail.com</a>
		Fredrik F. Abrahamsen	HJT	91742420	<a href="mailto:fre.abrahamsen@gmail.com">fre.abrahamsen@gmail.com</a>
2014	MG8	Thomas Pedersen	HJT	90366631	<a href="mailto:pedthom5@gmail.com">pedthom5@gmail.com</a>
		Trond Jarnes	HJT	95081372	<a href="mailto:tjarnes@hotmail.com">tjarnes@hotmail.com</a>
		Ole Kristian Haddal	HJT	45660826	<a href="mailto:olekhaddal@gmail.com">olekhaddal@gmail.com</a>
		Janita H. Naustenget	L	40294570	<a href="mailto:janitaholstad@gmail.com">janitaholstad@gmail.com</a>
		Linn Therese Johnson	L	95756823	<a href="mailto:linntjohnson@gmail.com">linntjohnson@gmail.com</a>
2012-2015	MJ7-8-9-10	Bjørn Vegard Bjåstad	HT	97167057	<a href="mailto:bvegardb@gmail.com">bvegardb@gmail.com</a>
		Marcus Brandal	HJT	92062566	<a href="mailto:marcus_brandal@hotmail.com">marcus_brandal@hotmail.com</a>
		Ingar Hovden	HJT	99649989	<a href="mailto:ih@iets.no">ih@iets.no</a>
		Magnus Sveen	HJT	99326419	<a href="mailto:fridadigranes@hotmail.com">fridadigranes@hotmail.com</a>
2013	MG9	Odd-Magne Brandal	L	90579336	<a href="mailto:odd.magne.brandal@gmail.com">odd.magne.brandal@gmail.com</a>
		Daniel Teigene	HT	97081299	<a href="mailto:danielhaugteigene@yahoo.no">danielhaugteigene@yahoo.no</a>
		Daniel Jacobs	HJT	40530384	<a href="mailto:danieljakes050505@gmail.com">danieljakes050505@gmail.com</a>
		Grzegorz Janiak	HJT	90045492	<a href="mailto:berocro@wp.pl">berocro@wp.pl</a>
2012	MG10	Espen Beiermann	HT	92081193	<a href="mailto:espenbeiermann@hotmail.com">espenbeiermann@hotmail.com</a>
		Vidar Longva	HJT	97014421	<a href="mailto:Vid_longva@hotmail.com">Vid_longva@hotmail.com</a>
		Benjamin Reite	HJT	98633394	<a href="mailto:Benreite@gmail.com">Benreite@gmail.com</a>
		Steffen Urke	L	95755255	<a href="mailto:steffenurke@yahoo.no">steffenurke@yahoo.no</a>
2011	LG11	Andre Nupen	HT	94817441	<a href="mailto:Nupen83@hotmail.com">Nupen83@hotmail.com</a>
		Lars-Petter Bjørlykke	HJT	99560719	<a href="mailto:lars-pbj@hotmail.com">lars-pbj@hotmail.com</a>
		Daniel Slettebakk	HJT	99627896	<a href="mailto:Danielslettebakk@hotmail.com">Danielslettebakk@hotmail.com</a>
		Kristian Angelsen	L	93426072	<a href="mailto:angelsen_k@hotmail.com">angelsen_k@hotmail.com</a>
2010	LG12	Kim Johansen	HT	40491592	<a href="mailto:kim.johansen@hotmail.se">kim.johansen@hotmail.se</a>
		Anders Eidsvik	HJT	97712680	<a href="mailto:anders_eidsvik@hotmail.com">anders_eidsvik@hotmail.com</a>
		Filip Moldskred	Ht	95440946	<a href="mailto:famoldskred@gmail.com">famoldskred@gmail.com</a>
		Tommy Moldskred	HJT/L	99583985	<a href="mailto:moldskred@icloud.com">moldskred@icloud.com</a>
2010	LJ12	Lars-Petter Bjørlykke	HT	99560719	<a href="mailto:lars-pbj@hotmail.com">lars-pbj@hotmail.com</a>
		Ingar Hovden	HJT	99649989	<a href="mailto:ih@iets.no">ih@iets.no</a>
		Christoffer Bakkely	L	92262523	<a href="mailto:christoffer.bakkely@gmail.com">christoffer.bakkely@gmail.com</a>
2008-2009	SG13-14	Daniel Teigene	HT	97081299	<a href="mailto:danielhaugteigene@yahoo.no">danielhaugteigene@yahoo.no</a>
		Ole Kristian Øvrelid	HJT	95072274	<a href="mailto:ole.ovrelid@spenncon.no">ole.ovrelid@spenncon.no</a>
		Arnold Origi	HT	46414436	<a href="mailto:aorigi2002@yahoo.com">aorigi2002@yahoo.com</a>
2007-2009	SJ13-14-15	Ole Andre N. Kragset	HJT	46424475	<a href="mailto:olekragset@hotmail.com">olekragset@hotmail.com</a>
		Hogne Grimstad	HJT	90996345	<a href="mailto:hogne.grimstad@gmail.com">hogne.grimstad@gmail.com</a>
		Evelyn Røren	L	48005180	<a href="mailto:evelyn.roren@gmail.com">evelyn.roren@gmail.com</a>
		Kristian Fuglseth	L	92440866	<a href="mailto:kristianfuglseth@hotmail.com">kristianfuglseth@hotmail.com</a>
2006-2007	G16	Geir Børre Røyset	HT	45424525	<a href="mailto:gbrrr3@hotmail.com">gbrrr3@hotmail.com</a>
		Øyvind Rolvsjord	HJT	47909249	<a href="mailto:oyvindrolvsjord@gmail.com">oyvindrolvsjord@gmail.com</a>
		Siw Monica Brandal	L	99597172	<a href="mailto:siw-monicabrandal@hotmail.com">siw-monicabrandal@hotmail.com</a>
		Renate Røyset Lillebø	L	97627462	<a href="mailto:royset@hotmail.com">royset@hotmail.com</a>
2003-2005	G19	Marius Haugen	HT	92653967	<a href="mailto:haugen.marius@gmail.com">haugen.marius@gmail.com</a>
		Christian Aasmo	HJT	97087881	<a href="mailto:caasm@online.no">caasm@online.no</a>
		Christoffer Bakkely	L	92262523	<a href="mailto:christoffer.bakkely@gmail.com">christoffer.bakkely@gmail.com</a>
		Solveig Husby	L	97608789	<a href="mailto:shusby@hotmail.com">shusby@hotmail.com</a>
B-Lag	Herrar	Fredrik Andresen	HT	93087309	<a href="mailto:fredrikandresen@hotmail.com">fredrikandresen@hotmail.com</a>
		Vagn Scheide Mork	HJT	91661812	<a href="mailto:vagn@madmedia.no">vagn@madmedia.no</a>
		Bård Grimstad	HJT	40216717	<a href="mailto:bard.grimstad@gmail.com">bard.grimstad@gmail.com</a>
A-Lag	Damer	Eiliv-Tore Howlid	HT	90022264	<a href="mailto:ethowlid@gmail.com">ethowlid@gmail.com</a>
		Emil J Dahlen Folkestad	HJT	95098478	<a href="mailto:emilfolk@hotmail.com">emilfolk@hotmail.com</a>
		Kenneth Nicolaisen	L	93059202	<a href="mailto:nicolaisenkenneth@gmail.com">nicolaisenkenneth@gmail.com</a>
A-Lag	Herrar	Cecilie Skeide	HT/L	91880805	<a href="mailto:cecilieskeide@hotmail.com">cecilieskeide@hotmail.com</a>
		Silja Øvrelid	HJT/L	98419650	<a href="mailto:siljaovrelid@gmail.com">siljaovrelid@gmail.com</a>
		Trude Håkonsholm Lunaas	HJT	41303683	<a href="mailto:trude.hakons@gmail.com">trude.hakons@gmail.com</a>
Fotballstyret	Leiar Nestleiar Sport Barn Sport Ungdom Sport Menn Sport Damer Sport Keeper Verdikom. Arrangement Drift anlegg Økonomi Materiell Web redaktør Adm	Hans Gisle Holstad	HT/L	41428623	<a href="mailto:hansgisle@hotmail.com">hansgisle@hotmail.com</a>
		Lars-Petter Bjørlykke	HJT	99560719	<a href="mailto:lars-pbj@hotmail.com">lars-pbj@hotmail.com</a>
		Vidar Vollsæter	MHJ	90697732	<a href="mailto:vidar.vollsater@tussa.com">vidar.vollsater@tussa.com</a>
		Gullvald Kløvning	MHJ	97729153	<a href="mailto:Guulvaldk@gmail.com">Guulvaldk@gmail.com</a>
		Knut Helge Hovden	Matr	97114265	<a href="mailto:hovden534@gmail.com">hovden534@gmail.com</a>
		Kenneth Nicolaisen	Le	93059202	<a href="mailto:nicolaisenkenneth@gmail.com">nicolaisenkenneth@gmail.com</a>
		Anders Eidsvik	NI	97712680	<a href="mailto:anders_eidsvik@hotmail.com">anders_eidsvik@hotmail.com</a>
A-Lag	Herrar	Kim-Tore Leirbekk Husøy	SB	91688354	<a href="mailto:kim-tore@hotmail.com">kim-tore@hotmail.com</a>
		Einar Orten Trovåg	SU	90137211	<a href="mailto:trovaag@gmail.com">trovaag@gmail.com</a>
		Emil J Dahlen Folkestad	SM	95098478	<a href="mailto:emilfolk@hotmail.com">emilfolk@hotmail.com</a>
		Silja Øvrelid	SD		
		Evelyn Røren	SK	98419650	<a href="mailto:siljaovrelid@gmail.com">siljaovrelid@gmail.com</a>
			FP	48005180	<a href="mailto:evelyn.roren@gmail.com">evelyn.roren@gmail.com</a>
		Sindre Breivik	AI		
		Ola/Kenneth	Da	40243522	<a href="mailto:sindre.b@tussa.com">sindre.b@tussa.com</a>
		Sindre B/Ola/Kenneth	Øk		
		Ola K Vattøy/Einar O.T	Ma		
Ola Kalvø Vattøy	WR DL	47362493	<a href="mailto:dagleleiar@hareidil.no">dagleleiar@hareidil.no</a>		



## Treningsavgift og foreldretrenar-godtgjersle

### - Framlegg til årsmøtet i fotballgruppa 2022

Styret foreslår følgjande treningsavgifter for sesongen 2023:

#### Nivå Alder Sum

Senior A H/D 20 - **2.800** per år Inkludert forsikring – Vert endra til kr.3.200,-

Senior B 20 - **2.100** per år Inkludert forsikring – Vert endra til kr.2.500,-

Juniorlag 17-19 **2.600** per år – Vert endra til kr.3.000,-

G & J 15-16 **2.600** per år – Vert endra til kr.3.000,-

SG & SJ 13-14 **2.100** per år - Vert endra til kr.3.000,-

LG & LJ 11-12 **1.600** per år - Vert endra til kr.2.000,-

LG & LJ 10 **1.300** per år - Vert endra til kr.1.700,-

MG & MJ 6-9 **1.000** per år - Vert endra til kr.1.400,-

Dette er ei auke på kr. 400 frå 2022-sesongen.

**Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengd frå alle kampar samt evt. deltaking på sone-, kretsagstiltak og Norway Cup. Spelarar som ikkje har betalt avgift kan fortsatt trene med laget dersom ein har oppretta dialog med dagleg leiar om nedbetalingsplan/betalingsordning.**

#### Det vert gjeve fylgjande rabattar:

20 % frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalende søsken

20 % frådrag for alle born av lagleiar på det aktuelle laget.

20 % frådrag for eldste aktive born av representant i styret. Denne kan bli justert etter vedtak frå hovudstyret.

50 % frådrag for junior- eller gutespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.

100 % frådrag for born av hovudtrenar på det aktuelle laget (HT). **1 HT pr. lag.**

50% frådrag for born av hjelptrenar(HjT) på det aktuelle laget. **2 HjT pr. lag.**

Kvar klasse kan i utgangspunktet kun ha inntil 3 trenarar(1HT+2HjT) og 2 lagleiarar med rett til rabatt (LG og LJ er f.eks. separate klasser), men unntak kan gjerast etter dialog med dagleg leiar/sportsleg utval.

Alle foreldre som har roller i fotballgruppa, skal vere medlem i idrettslaget, men kan på førespurnad til dagleg leiar få refundert medlemskontingenten.

Godtgjersle for foreldretrenarar til klubbstyr – Kvart 3 år

I tillegg til ovannemnde foreslår styret følgjande godtgjersle for foreldretrenarar som ikkje på annan måte har lønna trenaransvar i fotballgruppa, og som tek på seg hovudtrenaransvar i fotballgruppa:

Alder

6-9 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 1000,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år)

10-12 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 1500,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år)

13-19 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 2000,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år)

Hjelptrenarar/lagleiarar - Gåvekort opptil 500,- resterande må dekkast sjølv (Kvart 3 år)

Ein føresetnad for dette er at leiarane i dei ulike laga bidreg i arbeidet med innsamling av treningsavgift.

**GENERELT:**

Senior- Ungdoms- og Barne-fotball omfattar alle fotball-lag frå og med miniklassene til og med senior, og drifta vert i hovudsak finansiert av spelarbetaling. Treningsavgifta dekkjer utgifter som:

- ✓ Spelar- og lagskontingent til Sunnmøre Fotballkrets
- ✓ kollektivforsikring av spelarar under 19 år, forsikring seniorspelarar
- ✓ dommarutgifter
- ✓ utstyr som draktsett, vestar, fotballar, kjepler, førstehjelpsutstyr m.m.
- ✓ reisekostnader til seriekampar som fergebilletter og bompengar
- ✓ vedlikehald av baner, snømåking, leige av hallen, bruk av Hadarhallen materiell til merking osv.

Treningskampar og turneringar utanom serien vert ikkje dekt av treningsavgifta. Det same gjeld personleg utstyr som fotballsko, strømper, overtreksdrakter, tape og liknande.

Deltaking på eit av fotballaga i Fotball forutset gyldig medlemsskap i Hareid Idrettslag. Det vil seie at ein også skal betale kontingent til Hareid Idrettslag.

**ORGANISERING AV LAGA:**

Kvart enkelt lag skal ha hovudtreinar(HT), evt hjelpetreinar(HJT) og medhjelparar(MHj), samt ein lagleiar(L), samt ei foreldregruppe. Alle lag vert oppfordra til å ha minst 2 trenarar(HT+HJT). Av erfaring vil det vere mykje lettare å kome gjennom ein hektisk sesong med trening og kampar dersom ein er fleire som deler på ansvaret. Foreldregruppa skal organisere innsamling av midlar til laget, samt bidra med miljøskapande tiltak. Innsamla midlar kan brukast fritt av laget til f.eks. turneringar, sesongavslutningar, reiser eller andre tiltak. Organisering av foreldregruppe er laget sitt eige ansvar, og det er viktig at alle foreldre og føresette støttar opp om denne gruppa.

**ØKONOMI :**

Treningsavgifta for deltaking på dei ulike laga er p.t. som fylgjer:

Senior A	20-	3.200,-	per år ( Inkluderer forsikring )	Gjelder både Herre- og Dame-lag
Senior B/C	20-	2.500,-	per år ( Inkluderer forsikring )	
Juniorlag	17 – 19 år	3.000,-	per år	
G og J	15 – 16 år	3.000,-	per år	
SG og SJ	13 – 14 år	2.500,-	per år	
LG og LJ	11 – 12 år	2.000,-	per år	
LG og LJ	10 år	1.700,-	per år	
MG og MJ	6 – 9 år	1.400,-	per år	

For alle lag opp til og med 12 år vert treningsavgifta fakturert i si heilheit med forfall seinast 1.mars. For 13 år og opp til seniorklassene vert avgifta delt i to terminar med med forfall seinast 1. mars og 1. juli. Giro vert utsendt på mail eller i Spond.

NB! Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengd frå alle kampar samt evt. deltaking på sone-, kretslagstiltak og Norway Cup. Spelarar kan be om betalingsplan om nødvendig, ta då kontakt med dagleg leiar.

Det vert gjeve fylgjande rabattar (maksimal rabatt per spelar 20%, bortsett frå born av trenar):

20 %	frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalande søsken
20 %	frådrag for alle born av lagleiar, på det laget ein er lagleiar for.
20 %	frådrag for eldste aktive born av representant i styret.
50 %	frådrag for junior- eller guttespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.
100 %	frådrag for alle born av hovudtreinar(HT), på det laget ein er trenar for.1 HT pr. lag.
50%	frådrag for born av hjelpetreinar(HJT), på det laget ein er trenar for. 2 HJT pr. lag.

Kvar klasse kan ha inntil 3 trenarar(1HT+2HJT) og 2 lagleiarar med rett til rabatt (LG og LJ er f.eks. separate klasser), men unntak kan gjerast etter dialog med dagleg leiar/sportsleg utval.

Alle foreldre som har roller i fotballgruppa skal vere medlem i idrettslaget, men kan på førespurnad til dagleg leiar få refundert medlemskontingenten.

Innlevering av spelarskjema:

Spelarskjemaet består av to delar; del I og del II. Del I inneheld generell informasjon til spelar og føresette og skal behaldast av den enkelte. Del II skal utfyllast og leverast ved innmelding. Spelaren er deretter medlem til vedkommande melder seg ut. Utmelding skal skje skriftleg ved utfylling og innlevering av spelarskjema del II.

Elles skal spelarskjema del II også innleverast ved endringar i spelaropplysningar, rabattforhold eller valg av termin. Kontakt lagleiar eller last ned skjema frå [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) . Skjemaet skal leverast til lagleiar for det aktuelle lag.

**Godtgjerdsløse for foreldretrenarar:**

I tillegg til overnemnde foreslår styret følgjande godtgjerdsløse – kvart 3. år, for foreldretrenarar HT som ikkje på annan måte har lønna trenaransvar i fotballgruppa, og som tek på seg hovudtrenaransvar i fotballgruppa:

**6-9 år:** Gåvekort på klubbstyre til inntil kr.1.000,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

**10-12 år:** Gåvekort på klubbstyre til inntil kr.1.500,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

**13-19 år:** Gåvekort på klubbstyre til inntil kr.2.000,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

Ein føresetnad for dette er at trenarane i dei ulike laga bidreg i arbeidet med betaling av treningsavgift.

**REGISTRERING AV SPELAROPPLYSNINGAR/ENDRINGAR:** Mailadresse MÅ vere med!!

Navn: \_\_\_\_\_ Fødd: \_\_\_\_\_ År: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_ Mobil: \_\_\_\_\_

Mor: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_ Mobil: \_\_\_\_\_

Far: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_ Mobil: \_\_\_\_\_

Mail mor: \_\_\_\_\_

**TRENINGSAVGIFT OG RABATTFORHOLD:**

Mail far : \_\_\_\_\_

Senior A	20-	3.300,-	per år ( Inkluderer forsikring ) Gjelder både Herre- og Dame-lag
Senior B/C	20-	2.500,-	per år ( Inkluderer forsikring )
Juniorlag	17 – 19 år	3.000,-	per år
G og J	15 – 16 år	3.000,-	per år
SG og SJ	13 – 14 år	2.500,-	per år
LG og LJ	11 – 12 år	2.000,-	per år
LG og LJ	10 år	1.700,-	per år
MG og MJ	6 – 9 år	1.400,-	per år

For alle lag opp til og med 12 år vert treningsavgifta fakturert i si heilheit med forfall seinast 1.mars. For 13 år og opp til seniorklassene vert avgifta delt i to terminar med med forfall seinast 1. mars og 1. juli. Giro vert utsendt på mail eller i Spond.

**NB! Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengt frå alle kampar samt evt. deltaking på sone- og kretsagstiltak, samt Norway Cup.**

Det vert gjeve fylgjande rabattar (maksimal rabatt per spelar 20% bortsett frå born av trenar):

- 20% frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalende søsken
- 20% frådrag for alle born av lagleiar, på det laget ein er lagleiar for.
- 20% frådrag for eldste aktive born av representant i styret.
- 50% frådrag for junior- eller guttespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.
- 100 % frådrag for alle born av hovudtrenar(HT), på det laget ein er trenar for.
- 50 % frådrag for alle born av hjelpetrenar(HjT), på det laget ein er trenar for.

Kryss av dersom du meiner du har krav på rabatt, og grunngjev kravet under:

Navn på eldre spelar: \_\_\_\_\_ Lag: \_\_\_\_\_

Verv: \_\_\_\_\_ Lag/Styre: \_\_\_\_\_

Betaler kontingenten samla (forfall 01.03)       Betaler kontingenten i to terminar (01.03 og 01.07)

 Gjeld registrering av ny spelar Gjeld utmelding Gjeld andre endringar\_\_\_\_\_  
Dato\_\_\_\_\_  
Underskrift føresett

**NB # 1! Husk å seie frå til trenar eller lagleiar dersom spelaren har sjukdomar, brukar medisinar etc. som det er viktig at ein kjenner til.**

**NB # 2! Skjemaet skal leverast til lagleiar ved registrering av ny spelar, utmelding eller ved endringar i spelaropplysningar, rabattforhold eller valg av termin. Ekstra kopi av skjema kan hentast frå [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) eller ved å kontakte lagleiar.**



## Sportsleg årsmelding Hareid IL Fotball 8. november 2021 – 26. oktober 2022



### 1. Sportslege medarbeidarar

Sommaren og hausten 2021 hadde Hareid IL Fotball eit fyldig sportsleg utval som opererte på sida av styret. Årsmøtet i november 2021 bestemte at sportsleg utval frå då av skulle integrerast i styret. Det vil seie at det vart valt inn fire personar på sport (Einar Orten Trovåg, Cecilie Skeide, Emil Johannes Dahlen Folkestad, Kim-Tore Husøy) i eit styre på ti personar. I tillegg vart varamedlem Håvard Knudsen Bjåstad valt inn til å jobbe med sport.

Det vart på første styremøte etter årsmøtet bestemt at EOT hadde ansvar for ungdomsfotball (med HKB som assistent), EJDF vaksenfotball menn, CS vaksenfotball kvinner og KTH barnefotball.

I tillegg har nestleiar Anders Eidsvik hatt ein del sportslege oppgåver. Silja Øvrelid fekk ansvar for keepertrening. Men som vi skal sjå seinare i årsmeldinga fekk vi inn ein erfaren keeper som spelarutviklar som tok seg av det meste av den klubbstyrte keepertreninga.

Cecilie Skeide gjekk ut av styret i midten av september 2022. Styreleiar Kenneth Nicolaisen tok over oppgåvene hennar innan sport.

Med eit unntak av eit møte mellom styreleiar og dei fire innvalde på sport har ikkje sportsleg utval hatt eigne møte denne sesongen. Men vi kan vel trygt slå fast at det har vore ein del møteverksemd og telefonar elles. Samarbeidet mellom dei sportslege medarbeidarane har vore upåklageleg.

Dagleg leiar Ola Kalvø Vattøy har også hatt ein del oppgåver knytt til sport, blant anna treningstider, diverse anna administrativt (overgangar ++) og fotballskule – men styret/sport har gjort ein del av det han gjorde i 2021.

## **2. Trenarkabalar**

Enkelte trenarkabalar var klare allereie innan sesongslutt 2021. Andre var derimot vanskeleg å legge. Vi var nesten inn i jula før vi fekk på plass trenarar til G16, og trenarteamet deira var ikkje komplett før godt over nyttår. Trenarløysing for damelaget var ikkje klar før i starten av februar.

Allereie tidleg på vinteren innsåg vi at løysinga med at dei sportslege medarbeidarane skulle skaffe trenarar til alle lag i ungdomsfotballen, pluss fleire i barnefotballen, ikkje var berekraftig. For det første kjende vi ofte dårleg til kva som rørte seg av fotballkompetanse i fleire foreldre/føresettegrupper, noko som gjorde arbeidet tidkrevjande. Dessutan kosta ein del av løysingane pengar. Ikkje store beløp isolert sett, men samla sett for mykje. Derfor vedtok vi å gå vekk frå betalte trenarar i barne- og ungdomsfotballen (med moglege kriseunntak), og at laga sjølve ved lagleiarane skulle ta initiativ til å få trenargruppene på plass.

Om vi trudde vi kunne puste letta ut angående trenarkabalane i februar tok vi dessverre derimot feil. Anders H. Pilskog sa opp som juniortrenar i slutten av mars for å gå til ei liknande rolle i Hødd, og då han forsvann slutta også hjelpetrenaren og lagleiarane. Fredrik Andresen, Vagn Scheide Mork og Bård Grimstad tok over ca. 1. mai.

Rundt SMG 13-14-gruppa har det vore så mange trenarendringar i løpet av sesongen at vi ikkje kan gå i detalj. Men vi kan slå fast at gruppa har hatt trenarar heile sesongen. Både G16 og J15 mista trenarar rundt sommaren, men begge gruppene lykkast i å omdisponere kreftene utan spesielt mykje involvering frå styret/sport. Vi har også hatt ein del eksterne trenarar i barnefotballen, men ut frå det vi avtalte i vinter så gjekk ikkje styret inn og erstatta dei som forsvann til skulegang og liknande i sommar. Det beviser vel det vi tippa i vinter, at når det kom til stykket kjenner (spesielt dei yngste laga) betre til potensielle trenarkrefter enn styret/sport. På eit av laga i barnefotballen kom blant anna broren til ein av spelarane inn som trenar i haust.

Arbeidet med trenarkabalar for 2023 pågår for fullt i desse dagar.



### 3. Spelarutviklar og ekstratreningar

Årsmøtet i november 2021 vedtok å intensivere jakta på ein spelar- og trenarutviklar. Vi landa på å lyse ut ei 30 prosent-stilling over nyttår. Jobben gjekk til Arnold Origi, som blant anna hadde vore keeper for det kenyanske landslaget, Moss, Lillestrøm og seinast Hødd. Han hadde UEFA B-lisens både som trenar og keepertrenar. Arnold har hatt ekstratreningar både i barne- og ungdomsfotballen, i tillegg til evalueringar med spelarar. Erfaringane våre viser at ei 30 prosent-stilling er for lite til å også vere trenarutviklar. (Men det skal nemnast at Arnold også har gjort dugnadsinnsats utover det vi har betalt han for.)

I september vedtok styret å lyse ut ei 80 prosent-stilling til 2023. Søknadsfristen går ut 1. november.

Erfaringane våre frå ekstratreningane våre i år er gode. Det har vore noko prøving og feiling med inndeling i grupper og omfang av prosjektet, men vi rekna også med det kom til å bli slik før ting fekk sett seg. Vi har dessverre i lita grad klart å få med jenter på ekstratreningar. Det er prioritert å få til i 2023.

Det er meininga at den som blir spelarutviklar i 2023 både skal ha ekstratreningar + ha enkelttreningar på nokre av laga våre. Dette for å spreie ressursen til flest mogleg. I år har ressursen vore spissa ganske mykje inn mot to årskull på gutesida.



#### 4. Andre ekstratiltak

Det vart også i år arrangert fotballskule for jenter og gutar siste veka før skulestart. Faktisk vart fotballskulen vår mest populære nokon. Ei stor takk til dagleg leiar Vattøy som stod for organiserte. Spelarar frå eigne rekkjer + Arnold Origi stilte som instruktørar. Solveig Husby og Einar Orten Trovåg hjelpte til to dagar kvar på kjøkenet.



Stor stemming: Det var stor stemming under fotballskulen. FOTO: HAREID IL, FotBALL

## Rekordstor fotballskule på Hareid

Heile 96 born var med på Hareid IL sin eigen fotballskule i første veka, noko som er ny rekord.

– Det var utruleg kjekt at så mange blei med på fotballskule. At det skulle bli ny rekord-deltaking var ekstra kjekt, seier Ola Kalvø Vattøy, dagleg leiar i Hareid IL og administrator for årets fotballskule.

Tidlegare år har det vore vanlig med mellom 70 og 80 deltakarar på Sparebanken Møre fotballskule i Hareidsmyrane – men i år vart altså rekorden slått med god margin.

Heile 96 unge fotballspelarar var på plass for å lære fotball, vere med vener og ete god mat.

– Vi heldt på frå klokka 10 til klokka 14 kvar dag, frå måndag til torsdag. Vi hadde aktivitet både før og etter lunsj. Til mat fekk borna brødmatt med pålegg og frukt. Det såg ut til at alle som var med storkosa seg. Dette var veldig kjekt, seier Kalvø Vattøy.

I fotballhallen: Også den flotte fotballhallen blei nytta under fotballskulen. FOTO: HAREID IL, FotBALL

eigne rekkjer var med som instruktørar under fotballskulen. Alle deltakarane fekk også med seg ein «goodiebag» med innhald frå Sparebanken Møre heim.

OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL  
ole.ottar@vikebadet.no

#### 5. Trenarutvikling og samarbeid

Som nemnt under punkt 3 innsåg vi tidleg at vi ikkje klarte å få plass til trenarutvikling i 30 prosentstillinga til Arnold Origi. Derfor har det ikkje blitt arrangert trenarforum eller liknande. Det var rett nok planlagt eit møte med trenarane før seriestart som måtte avlysast grunna eit koronabrot. Det vart elles kome med informasjon frå sportsleg utval under trenar- og lagleiarmøtet på klubbhuset i vinter. Vi har dessutan prøvd å informere om ulikt på Facebook-sida til fotballgruppa, i tillegg til at vi fleire gongar har oppmoda trenarar om å møtest sjølv for å kome fram til gode ordningar for samarbeid om hospitering og anna. Vi ser vel at viljen til å samarbeide på tvers av årskulla er noko varierende. Det blir dessverre ofte slik at dei laga som har bra med spelarar seier seg nøgde med situasjonen, medan laga med få spelarar i stor grad tek initiativ til samarbeid – med vekslende hell. Når det er sagt synest vi samarbeidet mellom ein del lag har betra seg utover i sesongen, og mellom enkelte lag har samarbeidet vore knirkefritt. Men vi må prioritere hardare framover å få alle til å forstå av vi er éin klubb. Eit lag som ikkje har noko behov for samarbeid med andre lag denne sesongen får det kanskje neste år eller året etter. Slike ting vil alltid variere. Styret/sport kunne sikkert også ha vore tydelegare på kva oppgåver som ligg under oss og kva som ligg under spelar- og trenarutviklaren. Men som vi sa allereie då tilsettinga vart gjort i mars var ei slik stilling heilt ny for oss, så vi rekna med at ikkje alt ville sitje på første forsøk. Men om vi no klarer å få på plass ein

trenar- og spelarutviklar i 80 prosent stilling i god tid før neste sesong, bør vi vere tydelege på kva vedkomande gjer og kva styret/sport gjer. Til dømes er det naturleg at spelar- og trenarutviklaren har overoppsynet på hospitering.

## 6. Oppstart av nye lag, og lag som fall frå

Det vart rundt skulestart i haust sett i gang treningar for 6-åringar. Emil Johannes Dahlen Folkestad og Georg Eikrem Olsen er pådrivarar her. På gutesida har vi hatt lag på alle kull i år. Vi mista dessverre eit jentelag i barnefotballen i haust grunna fråfall av spelarar. Rett nok spelte J13-laget i haust i J12-serien, slik at ein del av dei yngre fekk eit tilbod der. Ein del jenter trenar også med gutar. Men det er innlysande at det ikkje er godt nok at vi manglar eit miniknøtt-lag for dei yngste jentene. Dette må vere ei prioritert opppgåve i vinter å få til, sterk konkurranse med andre idrettar/aktivitetar eller ei.



## 7. Samarbeidsavtale med Hødd

Styret vedtok i vår å seie opp den økonomiske samarbeidsavtalen med Hødd. Denne vart i utgangspunktet signert i 2009, men ein ny versjon vart signert i 2021. Det var i beste fall usikkert om dette eigentleg var styrevedtatt. Styret har uansett i mange år hatt ei lunken haldning til ein økonomisk samarbeidsavtale med Hødd, og når avtalen frå 2021 var vesentleg dårlegare enn den frå 2009 var det i grunnen eit lett val å seie den opp. I staden har vi i sommar gått inn ein sportsleg samarbeidsavtale med Hødd. Det er noko vi har ønska. Denne består av intensjonar om kva Hødd kan hjelpe Hareid med og omvendt. Det er planlagt faste samarbeidsmøte. Overordna kan vi seie at vi har fått eit mykje betre samarbeid med Hødd etter at vi starta å forhandle om avtalen, men det er for tidleg å seie noko om det sportslege utbytet.

Uavhengig av dette samarbeidet med Hødd vart det forsøkt å få til eit samarbeid mellom Hødd og Hareid på damesida i vinter, slik at laga klarte å stille med nok spelarar. Hødd ønskte ikkje dette då. Det heile enda med at Hareid klarte å stille damelag, medan Hødd måtte trekke sitt andrelag frå same divisjon.



## 8. Sportslege resultat

Som i den avkorta 2021-sesongen har resultatene vore jamt over våre middels eller noko under. Vi ser at det er ein trend at vi relativt sett hevdar oss godt i barnefotballen (der det ikkje blir ført resultat, men vi har likevel eit inntrykk av korleis laga våre klarer seg mot relevant motstand) og seniorfotballen. I ungdomsfotballen slit med vi derimot meir. Noko er kanskje tilfeldig, noko er kanskje påverka av at enkelte lag kanskje har stilt i «feil» divisjon, men vi ser at vi spesielt i aldersgruppa 15 til 19 år for gutar er tynne. No har rett nok G16-laget vunne ein god del kampar i sin divisjon, men dei har vore knappe på folk. Det same gjeld juniorlaget, som i skrivande stund har fire seriekampar igjen av sesongen (det skuldast både at Hareid og motstandarlaga har slite med å stille lag til oppsette tidspunkt). Det gjer at vi i desse dagar jobbar med ein ny modell for gutar 15-19 (i realiteten 15-18) til komande sesong. På plussida rykte J15 opp frå 3. til 2. divisjon til hausten, der dei rett nok fekk det ganske tøft resultatmessig. Desse jentene gjorde det også bra i Norway Cup.

Blant dei eldste laga våre fekk også damelaget ein ganske tøff haust, men dei hevdar seg ganske bra om våren. A-laget for menn var spådd å kjempe heilt i botnen, men gjorde det heiderleg og vart nummer åtte – deira beste plassering på fem år. Pila peikar rett veg etter nokre tunge sesongar før og etter koronatida.

Hareid 2 stilte sjuarlag i år også. Denne gongen vart det ikkje KM-gull, men dette er eit viktig mosjonstilbod for dei som vil halde seg litt i form. Mange av spelarane er svært rutinerte, som Kurt Haddal (faksimilen under).

Elles viser vi til laga sine årsmeldingar.



## 9. Konklusjon

Det har vore ein sesong med høgt aktivitetsnivå i Hareid IL Fotball. Det har også vore ein sesong med stort engasjement blant dei tillitsvalde. Ikkje alt vi har prøvd på denne sesongen har gått like bra, men det er betre å feile ein gong i blant enn å aldri prøve. Vi har gjort oss gode erfaringar. Utsiktene til 2023-sesongen ser betre ut enn på mange år. La oss håpe det blir ein sesong med framleis sportsleg utvikling, og gjerne også litt færre trenarskifte i løpet av sesongen.

## Ref.

(PS. Sjølv om det er 11 år sidan Fredrik spelte sin siste kamp for Hareid er det ekstremt kjekt å sjå kor godt han presterer på landslaget og Benfica i det siste. Det viser at det er mogleg å nå langt også frå ein vanleg gut frå Hovlia.)



## A-laget for menn 2022 sesongen

I 2021 sesongen vart det på grunn av corona-pandemien berre spelt 4.div fotball i haustsesongen.

Og laget berga plassen i divisjonen med eit nødskrik i siste kamp med seier over Valder.

